



Møtebok - Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne



Arkivsakid-doknr: 20/175-11  
Journalpostid: 20/9033

Saksh: Glenn Wiik  
Telefon: 53673535

Arkivkode: K1-033  
Dato: 01.12.2020

## Møtebok 30.11.2020, kl. 10.00 – 11.30

Frammøte: Marete Sæbø, Frode Eriksen, Johanna Håbrekke, Magnar Røise, Ole-Johnny Odland, Sigrid Bu, Harald Næss.

### Sak 21

#### Godkjenning av møtebok.

Det var ingen merknader til møteboka. Møteboka er godkjent.

### Sak 22

#### Innspel til budsjett

Rådet hadde teams-møte med økonomisjef Knut I. Myklatun 19.november. Diverre er det ikkje alle medlemmer i rådet som kan delta på webinar, men pga.koronasituasjonen ynskte kommunen det slik.

Det er lite dramatik i budsjettforslaget for 2021. Budsjettet er prega av usikkerheit dei neste åra. Dei fleste postane er justert i tråd med den generelle prisstigninga. Dette tek rådet til etterretning, men me har likevel nokre forslag og kommentarar;

- Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne har lenge arbeidd med forslag til aktivitetar på uteområdet til bygdaheimen. Styrar på bygdaheimen støttar forslaga, og fysioterapiavdelinga i kommunen meiner dette er gode tiltak i arbeidet med folkehelse og førebyggjande arbeid. I budsjettforslaget sin handlingsdel står det også presisert på side 7:

- 9) *Me skal ha fleire tiltak som fremjar fysisk aktivitet.*
- 10) *Me skal ha eit mangfald av aktivitetstilbod for alle aldersgrupper.*

Me har innhenta nokre konkrete tilbod på apparat som kan stimulera og inspirera til fysisk aktivitet, noko som vil vera positivt for helsa og livskvalitet for bebuarane på bygdaheimen, dei som bur i omsorgsbustadene og for dei som kjem på besøk. Treningsapparat kostar. I dette tilfelle har me sett på to ulike apparat som tilsaman kostar ca. kr.150 000. Me tillet oss å be om at kommunen set av kr.100 000 på



Hardanger

Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

[www.eidfjord.kommune.no](http://www.eidfjord.kommune.no)

Telefon: 53 67 35 00  
Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

budsjett for 2021. Rådet vil óg søkja om tilskot frá sparebankstiftinga og andre. Målet er at me skal ha apparata montert og klare til bruk sommaren 2021.


- **Trafikksikring.**


Rådet er klar over at ein komité arbeider med å betra tilhøva i sentrum på mange ulike måtar. Me vil likevel ta med at det manglar særskilt parkering for rullestolbrukarar utanfor COOP. Bruk av brustein skapar mange praktiske problem både for rullestolbrukarar og andre med ulik grad av funksjonsnedsetting og bør unngåast i sentrum.

- Den såkalla Postvegen manglar sårt vedlikehald og liknar mest på ei grøft. Vedlikehald av denne vegen har vore på lista tidlegare, men ser ut til å vera gløymd. Dette er ein mykje nytta veg av gåande og syklende og bør opprustast både med ljós, rekkverk og stabilt dekke.

- Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne ser fram til å sjå resultatet av arbeidet til Sentrumskomitéen. Me har også mange gode forslag til utbetringar i sentrum, og ynskjer difor å få med ein representant frå komitéen til ein runde i sentrum over nyttår.

Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Ole-Johnny Odland

  
Marete Sæbø (leiar)

  
Ole-Johnny Odland

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

  
Glenn Wiik  
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok